



Skatteetaten

Utgreiing av ny kontorstruktur for Skatteetaten

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Lærdal, Luster, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har følgjande fråsegn til utgreiing av ny kontorstruktur for Skatteetaten:

Dei siste åra har vi vore vitne til at skattekontora utanfor sentrale strøk er blitt gradvis nedbemanna. Framlegget til endra struktur inneber ei ytterlegare sentralisering av skattetenestene.

I vår region er det foreslått å redusera tal skattekontor frå 3 til 1 ved at skattekontora i Årdal og Sogndal blir slegne saman med Leikanger. Dersom skattekontoret i Årdal blir lagt ned betyr det at mange innbyggjarar får monaleg auka reisetid til nærmaste skattekontor. Effektiviseringa i staten vil såleis ramme innbyggjarar som har behov for hjelp og rettleiing, særleg gjeld det eldre og personar med utanlandsk bakgrunn. Enkelte oppgåver kan heller ikkje løysast digitalt. Til dømes skjer utskriving av skattekort til utanlandske arbeidstakarar ved personleg frammøte.

Sogn regionråd ser at auka digitalisering inneber behov for å effektivisera Skatteetaten og tilpassa kontorstrukturen til nye løysingar. Det er likevel ikkje slik at beliggenheit er uvesentleg. I Sogneregionen, med store reiseavstandar, vil den foreslåtte strukturendringa slå urimeleg ut. Sogn regionråd er oppteken av at Skatteetaten sikrar ei god regional fordeling av skattetenestene. Digitale løysingar gir moglegheiter for å løysa oppgåver saman, sjølv om tilsette sit ved ei mindre kontoreiing.

Med helsing

Petter Sortland
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift